**FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**

# ÅRSRAPPORT 2006

**Molde 1. mars 2007**

# ÅRSRAPPORT 2006 – INNHOLD


| | |
|---|---|
| Innledning | **3** |
| 1 Økonomiske rammer og administrative føringer | **4** |
| 2 Sentrale politiske føringer | **4** |
| 3 Rapport resultatområde | **8** |
| Vedlegg 1 – Lovlegheitskontroll | **35** |
| Vedlegg 2 - tilsyn – grunnskular | **36** |
| Vedlegg 3 – tilsyn vidaregåande opplæring | **43** |
| Vedlegg 4 - Klagesaksbehandling 31.2 - skulane | 47 |

**FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**

# ÅRSRAPPORT 2006

Denne årsrapporten er ei tilbakemelding til Fornyings- og administrasjonsdepartementet på tildelingsbrevet for 2006 og embetsoppdraga frå dei ulike departement og direktorat.

Som følgje av prøveordninga i Møre og Romsdal – med etablering av ”einskapsfylke” frå 01.01.04 – vil fylkesmannens årsrapport berre omtale dei saksområda/resultatområda som Fylkesmannen i Møre og Romsdal (og/eller Helsetilsynet) framleis har ansvar for i prøveperioden. For dei andre saksområda/resultatområda – som i 2004 vart lagt til einskapsfylket v/fylkesdirektøren, viser eg til eigen årsrapport frå Møre og Romsdal fylke.

Eg kommenterer elles berre dei av saksområda/resultatområda våre der det er rapporteringskrav gjennom årsrapporten, men vil vise til annan og avvikande rapportering der dette er eller vil bli gitt.

Molde, 1. mars 2007

Ottar Befring

Kjeld Brecke

# 1. ØKONOMISKE RAMMER OG ADMINISTRATIVE FØRINGER

## 1.4 Saksbehandlingstid og systematisk sammenligning

I 2006 har vi klart krava om ei gjennomsnittlig saksbehandlingstid på 3 månader for klagesakene etter Plan- og bygningsloven. Ei markant auking av saksmengda på byggesaker de siste åra utan at ressurssituasjonen har auka tilsvarande, gjer at saksbehandlingstida er sårbar for endringar som turnover /vakansar.

Forøvrig viser vi til rapporteringa under dei einskilde resultatområda.

# 2. SENTRALE POLITISKE FØRINGER

## 2.4 Oppvekst og utdanning

### Klage- og tilsynsbehandling vidaregåande opplæring

I forsøksperioden med einskapsfylke i Møre og Romsdal vil dei tilsette i einskapsfylket føre tilsyn med eigen verksemd på vegne av fylkesmannen.

Det har i 2006 vært gjennomført fem tilsyn etter opplæringslova med Møre og Romsdal fylke som skuleeigar for den vidaregåande opplæringa . Dette var tilsyn med fylkets PP-teneste, voksenopplæring, gratisprinsippet, og opplæringslova sine krav til eit forsvarleg system. I tillegg opna vi ei tilsynssak på bakgrunn av ein klage frå ein elev.

Tilsyna avdekte fleire avvik frå opplæringslova sine reglar, og fylket som skuleeigar har ein veg å gå for å sikre at verksemda stettar opplæringslova sine krav. Det har og vore ei utfordring for fylkesmannen å få skuleeigar til å lukke avvika frå krava i lova. Tilsynet med PP-tenesta er enno ikkje avslutta då fylket ikkje greier å halde tidsfristane.

Fylkesmannen har i tillegg ført eit tilsyn etter friskulelova med Vestborg vidaregåande skule. Dette avdekte nokre mindre alvorlege avvik, og skulen har på ein god måte tatt grep for å lukke avvika.

### Tilsyn/klager - kommunar

Dersom vi samanheld vår klagebehandling, særleg for det som gjeld opplæringslova kap. 5, med dei tilsyna som er gjennomført med kommunane, ser vi at det ofte er eit stort skilje i kvaliteten på dei dokumenta som er tilgjengeleg for oss. For dei fleste kommunane er enkeltvedtak på spesialundervisning delegert til rektor ved den enkelte skole. I oppsummering av våre tilsyn har vi poengtert at i medhald av opplæringslova § 13-10, må kommunane sikre at rektorane har god nok kompetanse ved gjennomføring av slike enkeltvedtak, samt at kommunane kvalitetssikrar slike saker der desse blir sendt over til fylkesmannen til endeleg klagebehandling.

Som ein konsekvens av desse observasjonane, ser vi at den skulefaglege kompetansen på kommunenivået er svært variabel. Den same faglege og kvalitative variasjonen ser vi også ved dei sakkunnige tilrådingane innan spesialundervisning som er utført av PPT. Av dei 33 klagesakene vi har behandla i medhald av kap.5 i opplæringslova, har vi sendt tilbake 10 klagesaker og innhenta fleire opplysningar for 5 klagesaker. Etter vår vurdering er det nokre

kommunar som ikkje kvalitetssikrar dei klagesakene som blir vidaresendt til fylkesmannen, dette sjølv om departementet har utarbeidd eigen ”Veileder” til kap. 5, samt at vi for kvart år utarbeider eit informasjons- og rettleiingsskriv som er ei oppfølging av den rettleiinga som er gitt frå departementet.

I vår klagebehandling har vi gitt tilbakemeldingar som synleggjer kva rutinar, prosessar, prosedyrar og samarbeid som bør forsterkast og endrast for å betre den faglege kvaliteten på dei dokumenta som ligg til grunn for dei vedtaka som blir gjort i slike saker.

PP-tenesta bør ha ei sentral rolle i arbeidet med å sikre kvaliteten på dette arbeidet. Ved våre tilsyn, der fokus har vore retta inn mot kap. 5 i opplæringslova, er det særleg 2 dokument i slike klagesaker vi har bedt om innsyn i; - og det er den sakkunnige uttalen/vurderinga frå PPT (§ 5-3), samt det enkeltvedtaket som skolen/kommunen skal gjere. Desse to innsyna er gjort av oss fordi vi gjennom dei siste åra har erfart at det er desse 2 dokumenta som viser den største variasjonen i kvalitet. Til vanleg er det slik at dersom kommunen sitt vedtak er bra, er også PPT si sakkunnige tilråding bra. Dette følgjer av at dersom vedtaket er bra så avspeglar det kommunen sin kompetanse på området – ein kompetanse som også blir brukt til å kvalitetssikre PP-tenesta sitt arbeid som sakkunnig instans.

Vi trur at det fokus vi i vårt tilsynsarbeid for 2006 har retta mot opplæringslova kap. 5, og då som ein følgje av kommunen sitt ansvar og plikter etter opplæringslova § 13-10, vil kunne medverke til ei fagleg utvikling på dette området. Ved våre møte med PP-tenesta og regionane/kommunane har vi også gitt tilbakemeldingar og lagt til rette for drøftingar av slike faglege tema. At det nasjonale tilsynet for 2007 skal omhandle tilpassa opplæring og spesialundervisning ser vi som ein viktig føresetnad for å vidareføre ei fagleg kvalitetssikring av opplæringslova kap.5. Sikring av det spesialpedagogiske fagområdet, med særleg fokus på ei velfungerande PP-teneste, vil framleis vere eit prioritert utviklingsområde for oss.

Vi bad om at klagesakene for 2006/2007 som skulle avgjerast av fylkesmannen, måtte vere sendt inn innan 1. juni 2006. Berre 1 sak av i alt 33 saker kom til oss innan tidsfristen. Dette betyr at størstedelen av klagesakene ikkje har vore avgjort i så god tid før skolestart at ei samla og heilskapleg planlegging kunne gjennomførast ved den enkelte barnehage/skole.

Samanlikna med skoleåret 2005/2006, så har vi for skoleåret 2006/2007 hatt ein nedgang i talet på klagesaker i medhald av opplæringslova kap. 5 - frå 55 klagesaker til 33 klagesaker. Framleis vil det vere ei utfordring for kommunane at slike klagesaker er avgjort i god tid før skolestart.

## Tilsyn med opplæringsloven § 2-15, ”gratisprinsippet”

Formålet med tilsynet var å vurdere om kommunane/ skolane følgjer regelen om rett til gratis offentlig grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2-15. Tilsynet er heimla i opplæringslova § 14-1, jf rundskriv F-06-04 og delegasjonsbrev av 02.03.05 frå Utdanningsdirektoratet. Fylkesmannen gjennomfører tilsyn etter ulike metodar. I dette tilfellet nytta vi spørjeskjema som metode og sendte dette ut til eit utval på 10 kommunar. Utvalet av kommunar vart gjort på bakgrunn av geografisk spreiing i fylket, by og land og stor/ liten kommune. Kommunane, rektorane og leiarane av foreldreråda sine arbeidsutval ved skolane (FAU) har svara på konkrete spørsmål vedrørande gratisprinsippet. Tilsynet omfatta 10 skoleeigarar, 61 rektorar og 61 leiarar av skolane sitt FAU. Fylkesmannen sine konklusjonar etter dette tilsynet vert lagt fram for kommunane i mars 2007, og vil såleis komme fram i årsrapport for 2007.

## Barnehagar

På barnehagefeltet merkar fylkesmannen varierande kvalitet på saker som kjem inn frå kommunane. Dette kjem delvis av låg forvaltningskompetanse i kommunane, men også av eit

regelverk om kan synast unødvendig komplisert. Rådgivingskapasiteten i departementet kunne med fordel vore betre, og dette verkar igjen inn på den rettleiinga fylkesmannen kan yte overfor kommunane og dei private barnehagane.

## 2.9 Samfunnstryggleik og beredskap

**Store fjellskred**
Risikoen for store fjellskred og flodbølgjer berørar mange av fylkesmannen sine roller og myndigheitsområde. Først og fremst rolla som regional samordnar, rådgjevar og pådrivar innanfor samfunnstryggleik og beredskap, men også rolla som regional fagstyresmakt i plan og byggesaker og rolla bindeledd mellom lokal og regional forvaltning. Store delar av organisasjonen – embetsleiinga, fleire avdelings- og fagleiarar og opp mot tjue fagpersonar har vore og er framleis direkte og tildels tungt involverte i arbeidet. Den samla innsatsen kan summerast til fleire årsverk.

Fleire års arbeid med fjellskredrisiko har lært oss at regimet for handtering av tradisjonell skredrisiko ikkje fungerer for fjellskred. Staten si rolle og staten sitt ansvar er fragmentert og lite føremålstenleg. Dette er ei forlengst erkjent problemstilling, og vi veit at ei tverrdepartemental gruppe arbeider med saka. Vi har store forventningar til denne gruppa. Det er ekstremt viktig å få klargjort korleis risikoen for store fjellskred skal handterast, og at regimet vert handlekraftig – både geofagleg, beredskapsfagleg og økonomisk.

Arbeidet med fjellskredrisiko har gjort det nødvendig å nedprioritere andre pålagte oppgåver på samfunnstryggleik- og beredskapsområdet. Vi står likevel trygt på denne prioriteringa. Fram til eit eventuelt nytt og handlekraftig regime er på plass, vil vi bruke dei ressursane vi har. Ansvar for denne risikoen er tungt å bere, og einkvar som eig ein flik av dette ansvaret må kontinuerleg vurdere om eigen innsats også toler gransking i ettertid.

Det er viktig å understreke at trass vanskelege rammevilkår, er Åknes/Tafjord-prosjektet framleis i god progresjon. Ekstrem handlekraft i kommunane og god dugnadsånd frå alle i samvirkemodellen, gjer at den operative fjellskredberedskapen i Storfjorden truleg kan vere operativ i løpet av 2007. Likevel, at Åknes/Tafjord-prosjektet har lukkast, må ikkje verte ei sovepute. Åknes/Tafjord-prosjektet er i høgste grad eit forskings- og utviklingsprosjekt, og det er vanskeleg å tenkje seg at også neste høgrisikoobjekt (kanskje ein heilt annan stad i landet) skal handterast som ein tilsvarande dugnad. I lys av dette er det også eit tankekors at landets fremste og einaste ekspertise no er etablert på kommunalt nivå.

Etableringa av landets første overvaking og beredskap mot fjellskred og flodbølgjer reiser også ei rekkje vanskelege spørsmål om framtidig aktivitet og arealbruk i risikoområda. Kommunane har i prosjektperioden ikkje fremja plan- og byggesaker i risikoområda og difor unngått å utfordre plan- og bygningslova sine krav til sikker byggegrunn. Fylkesmannen har i påvente av konkrete saker teke opp prinsipielle spørsmål med sentrale plan- og byggestyresmakter (MD, BE og DSB), men gode avklaringar var ikkje på plass då dei første vanskelege plansakene kom inn til fylkesmannen i desember 2006. Desse første sakene kan ikkje handsamast på ein god måte utan brei dialog. Det finst ingen etablert praksis, og både MD, BE og DSB har berre antyda eit visst handlingsrom. "Lista" er ikkje lagt, og kva funksjonskrav som skal stillast til flodbølgjeberedskap og kva aktivitet som skal tillatast i flodbølgjeutsette område er spørsmål av nasjonal interesse. Fylkesmannen vil difor sørgje for at alle aktuelle styresmakter vert involverte, og at regelverkstolkinga og praksisen som vert etablert er omforeint.

**Kraftforsyning**
Ekstremvêr berga paradoksalt nok Møre og Romsdal frå ein alvorleg kraftforsyningssituasjon denne vinteren. I slutten av oktober var magasinfyllinga lågare enn nokon gong tidlegare, og

hadde vinteren blitt normal, hadde risikoen for ein svært anstrengt kraftforsyningssituasjon vore overhangande. Heldigvis var det mildt og ekstremt mykje nedbør i desember – halvannan gong meir enn nokon gong tidlegare registrert.

Det er langt frå tilfredsstillande at marginane er så små. Kraftsystemutgreiinga for Møre og Romsdal dokumenterer at fylket i fleire år må leve med ein vanskeleg kraftbalanse. Forsyningsunderskotet var allereie i 2006 på om lag 4 TWh, og utan ny produksjon, vil utbygging av kraftkrevjande industri doble underskotet innan 2015. Nye kraftlinjer inn til fylket vil til ein viss grad kunne kompensere for underskotet, men lange framføringslinjer er langt meir sårbare enn lokal produksjon. Denne situasjonen er godt kjent i fylket og blant nøkkelaktørane, og gjennomføring av avbøtande tiltak er i hovudsak eit politisk og økonomisk spørsmål. Fylkesmannen vil for sin del arbeide vidare med å kartlegge og dokumentere lokalsamfunna si sårbarheit i konkrete knappheitssituasjonar og førebu regionale styresmakter og kommunane på gjennomføring av dei krisetiltak som kan verte nødvendige.

**FylkesROS-sjø**
Fylkesmannen og fylket leia i 2006 gjennomføringa av *Risiko- og sårbarheitsanalyse for brann- og ulykkesberedskapen til sjøs i Møre og Romsdal*. Med på arbeidet var også alle viktige beredskapsetatar og mange maritime aktørar i fylket. Analysen identifiserer og rangerer 27 uønska hendingar, og rangeringa dannar prioriteringsgrunnlag for vidare arbeid. Ein hovudkonklusjon er at dei fleste beredskapskapasitetar og ressursar er på plass, og at behovet for samordning, samøving, kompetansebygging og kompetansebevaring hos dei eksisterande ressursane er større enn behovet for nye kapasitetar og større ressursar. Unntaket frå dette gjeld kapasitet til brannsløkking om bord i fartøy.

# 3. BESKRIVELSE AV DE ENKELTE RESULTATOMRÅDENE

Som nevnt innledningsvis vil jeg her bare omtale oppgaver som Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2006 har hatt som sine ansvarsområder.

## 3.0 Oppgåver for Kongehuset

| **Resultatområde 00.1: Kongelige besøk** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 00.1 | • Forberede og gjennomføre kongelige besøk i fylket<br>• Gjennomgå og vurdere alle sider av planlegging og gjennomføring av besøk i samråd med Slottet etter avsluttet besøk. | Det er gjennomført 4 besøk frå Kongehuset i 2006. HKH Kronprisen heldt eige foredrag for ungdomskuleelevar i Sula, som var særs vellukka. |

| **Resultatområde 00.2: Tildeling av ordener og medaljer** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 00.2 | • Forberede tildeling, og forestå utdeling, av Kongens fortjenestmedalje<br>• Gi informasjon om ordener og medaljer som utdeles av H.M. Kongen<br>• Utdele ordener etter anmodning fra Ordenskanselliet<br>• Formidle lokal presseomtale, leserinnlegg m.v av interesse til Slottet<br>• Videreformidle/besvare brev og henvendelser til/fra Slottet | Det er delt ut 5 Kongens fortjenstmedaljar i gull og 12 i sølv dette året. I tillegg er det overrekt 1 St. Olavs Medalje. |

## 3.1 Oppgåver på Miljøverndepartementets område

| **Resultatområde 01: Biologisk mangfold** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| | Behandle saker etter viltloven med tilhøyrande forskrifter (Saker der fylkesmannen er klageinstans) | Det blei ferdigbehandla 11 klager på vedtak i medhald av viltloven med forskrifter i 2006.<br><br>I ei av klagesakene gav vi klagar delvis medhald. I ein annan klagesak oppheva vi kommunen sitt vedtak.<br>I dei resterande 9 sakene ble kommunane sine vedtak stadfest.<br><br>Dette viser at kommunane i all hovudsak kjenner til og praktiserer viltloven med forskrifter på ein tilfredsstillande måte.<br><br>10 av klagene blei behandla innan jaktstart 10.09. i tråd med sørviserklæringa. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Ei av klagene blei ikkje sluttbehandla før 03.01.07 på grunn av seint innkomen tilleggsinformasjon frå kommunen. (Kommunen sitt opphavelege vedtak blei stadfesta i denne klagen. Den seine behandlinga påverka ikkje utfallet av klagen.) |
| | Klagesaksbehandling etter lov om motorferdsel i utmark med forskrifter. | Fylkesmannen oppheva etter eige tiltak to dispensasjonar gitt av kommunar til motorferdsel i utmark på grunn av manglande heimelsgrunnlag. Den eine gjaldt eit løyve gitt av Nesset kommune om bruk av bandvogn, snøscooter og tråkkemaskin for preparering av alpintrase og frakt av skiløparar. Den andre saka var ein dispensasjon gitt av Averøy kommune for landing med helikopter for selskapsgjestar.<br><br>Det har vorte behandla to klager på kommunal vedtak etter det same lovverket. Sakene var frå Rindal og Sunndal kommune og fylkesmannen stadfesta kommunen sitt vedtak i begge tilfella. |

| **Resultatområde 09: Regional planlegging** | |
|---|---|
| Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| • Behandle krav om saksom-kostningar etter forvaltnings-loven i plan- og byggesaker.<br>• Behandle søknadar frå kommunane om forlenging av bygge- og deleforbud.<br>• Behandle klager over kommu-nale vedtak etter plan- og bygningsloven og prioritere klager der det er gitt opp-settande virkning etter fvl § 42.<br>• Førebu klagesaker som skal til Miljøverndepartementet.<br>• Trygge enkeltpersonars rettsstilling og sørge for at hensyn til mellom anna estetikk, helse, miljø og sikkerheit blir teke i vare i dei enkelte plan- og byggesakene.<br>• Bistå Regjeringsadvokaten i rettssaker der Staten v/Miljøverndepartementet er saksøkt | Klage på reguleringsplan:<br>Behandla 35 saker.<br>Stadfesta 32, oppheva 3.<br><br>Behandla 4 saker om forlenging av bygge- og deleforbud<br><br>Saksbehandlingstida har variert gjennom året, men sakene er behandla innan fire månader. |

| **Resultatområde 11.2 : Tilsyn** | | |
|---|---|---|
| 11SO7 | Delta i tre landsdekkende kontrollaksjoner og for noen FM regionale kontrollaksjoner i tillegg, som skissert under resultatområde 05 og 06 | OK |
| SO8 | Innen 26.10 registrere neste års planlagte endags- og flerdagstilsyn i ”Forurensning” | Delvis utført. |
| 11SO9 | Innen 01.12 oversende SFT den | OK |

| | | |
|---|---|---|
| | overordnede tilsynsplan for 2007 (i henhold til mal utarbeidet av SFT) | |
| 11FO1 | 3-5 FM skal etter forespørsel fra SFT delta i arbeidet med å planlegge kontrollaksjonene (SFT vil komme tilbake til hvilke FM som blir involvert) | OK |
| 11FO2 | Det forventes at Fylkesmannen i 2006 bruker følgende ressurser på forurensningstilsynet: Møre og Romsdal 1.7 årsverk | Brukt 1,5 årsverk. |
| 11RA2 | Fortløpende rapportere resultater fra de landsdekkende og regionale kontrollaksjonene til SFT (i henhold til mal utarbeidet av SFT) | OK |
| 11RA3 | Rapportere siste års kontrollvirksomhet innen 15.03 (i henhold til mal utarbeidet av SFT) | OK |

## 2. Oppgåver på Landbruksdepartementets område

| **Resultatområde 23: Ressurs- og eigedomspolitikk** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 23.2 | Vere saksførebuande organ for fylkeslandbruksstyret som er klageorgan etter landbrukets særlover | Fylkeslandbruksstyret hadde 9 møte i 2006. Fylkeslandbruksstyret behandla 32 ordinære saker (klagesaker og saker der fylkeslandbruksstyret gjer vedtak i første instans) og 288 saker etter fullmakt. Det blei mellom anna behandla fem klagesaker vedkomande deling av landbrukseigedom. I tre av desse sakene blei kommunen sitt vedtak stadfesta, medan klagene helt eller delvis fekk medhald i to saker. Fylkeslandbruksstyret nytta adgangen til å gjere om kommunale vedtak utan klage etter forvaltningslova § 35 ved eitt høve. Dette var den einaste saka av sitt slag styret behandla i 2006, og gjaldt frådeling av to hyttetomter på beitemark. Styret behandla elles to søknader om odelsfrigjering, der begge søknadene blei imøtekome. Desse vedtaka blei seinare omgjort etter klage frå motpartane, som Statens landbruksforvaltning tok til følgje.<br><br>Det er avgitt eigen rapport til Statens Landbruksforvaltning innan fristen 15.02.2007, slik som avkrevd. |

## 3.2 Oppgåver på Kunnskapsdepartementets område

| Resultatområde 31: Tilsyn, klagebehandling og lovlighetskontroll | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Oppdrag | Rapport |
| 31.1 | • Gjennomføre tilsyn med at kommuner og fylkeskommuner og andre som driver opplæring med bakgrunn i opplæringsloven og friskoleloven ( inkludert opplæring for voksne, opplæring innenfor kriminalomsorgen og opplæring i sosiale og medisinske institusjoner) følger lover og forskrifter, jf. opplæringsloven § 14-1, § 4A-10 og friskoleloven § 7-2. Fylkesmannen skal rette særlig oppmerksomhet mot at bestemmelsene i opplæringsloven § 8-2 blir overholdt.<br><br>• Gjennomøre et nasjonalt tilsyn med felles metodikk (systemrevisjon) på opplæringsområdet våren 2006. Temaet for tilsynet er hvordan kommunene oppfyller opplæringslovens § 13-10 om å ha et forsvarlig system for vurdering og oppfølging av om krav i opplæringsloven blir oppfylt. Kommunenes system skal belyses gjennom kommunenes overholdelse av plikter etter forskriftens kapittel 2, som gjelder rapportering og evaluering av opplæringsvirksomheten. | Det er gjennomført 6 kommuneretta tilsyn i 2006. For alle desse tilsyna har vi hatt fokus på opplæringslova § 13-10 , 2. ledd, - og med tillegg av forskrifta § 2-1 og 2-2. – Men for dei kommunale tilsyna vi har gjennomført hausten 2006, har vi gjennomført vårt tilsyn med § 13-10 ved å synleggjere dette også som tilsyn med kap. 5 og 9a, samt at vi for ein kommune også har ført tilsyn med opplæringslova § 4A-2 og § 2-15<br>I dei tilsyna der vi har funne avvik,har fylkesmannen gitt frist for skoleeigar til å kome med ein plan for korleis pålegg om "lukking" av avvik blir følgd opp.<br><br>Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med 3 friskular.<br>Vi har gitt pålegg om retting av einskilde avvik knytt til å ha system for vurdering og elevane sitt skolemiljø etter opplæringslova § 9A. I tillegg har vi ført tilsyn med opplæringslova § 3-6 om spesialundervisning. Her har skoleeigar fått ein frist for å kome med ein plan for korleis pålegg blir retta opp. |
| 31.2 | • Behandle klager på enkeltvedtak i grunnskolen og i videregående opplæring i henhold til opplæringsloven og friskoleloven og forskrifter til disse<br><br>• Behandle klager vedrørende spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder, jf. kap 5 i opplæringsloven | Opplæringslova §5-1:<br>Spesialundervisning i grunnskolen:<br>21 klager på spesialundervisning i grunnskolen, - 7 saker fekk medhald og 14 saker fekk ikkje medhald og/eller vart tilbakesendt for ny behandling i kommunen.<br><br>Opplæringslova § 5-7:<br>Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder:<br>9 klager på spesialundervisning for førskolebarn, - 3 saker fekk medhald og 6 saker fekk ikkje medhald og/eller vart tilbakesendt for ny behandling.<br><br>Opplæringslova § 4A-2:<br>Spesialundervisning for vaksne på grunnskolens område: 3 klager på spesialundervisning for vaksne, - 2 klager fekk ikkje medhald medan 1 sak vart sendt tilbake for ny behandling i kommunen. |

## 3.3 Oppgåver på Utdannings- og forskningsdepartementets område

| Resultatområde 31: Tilsyn, klagebehandling og lovlighetskontroll | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 31.1 | • Utøve tilsyn med at kommunar og fylkeskommunar og andre som driv opplæring med bakgrunn i opplæringsloven og friskoleloven følgjer lover og forskrifter, jf. opplæringsloven § 14-1, § 4A-10 og friskoleloven § 7-2.<br>• Føre tilsyn på utvalgte område. Ved brudd på regelverket gis det pålegg om retting så langt det er nødvendig for at krav i lov og forskrift skal bli oppfylt | Det har vore gjennomført 6 tilsyn med dei vidaregåande skulane i 2006. Dette var 5 tilsyn etter opplæringslova Med Møre og Romsdal fylke som skuleeigar. Områda for tilsyn var fylkets PP-teneste, vaksenopplæring, gratisprinsippet, og opplæringslova sine krav til eit forsvarleg system. I tillegg opna vi ei tilsynssak på bakgrunn av ein klage frå ein elev.<br>Det vart avdekt ei rekkje avvik frå lovas krav, og Fylkesmannen vil følgje opp dette arbeidet i 2007. |
| 31.2 | • Behandle klager på enkelt-vedtak i grunnskolen og i vidaregåande opplæring i henhold til opplæringsloven og friskoleloven og forskrifter til desse<br>• Behandle klager vedrørande spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder, jf. kap. 5 i opplæringsloven | I 2006 er behandla 9 klager etter opplæringslova i dei vidaregåande skulane der Møre og Romsdal fylke er skuleeigar. 5 klager blei tatt til følgje, desse var alle om spesialundervisning. To klager handla om inntak, og to klager omhandla elevane sitt arbeidsmiljø. |

| Resultatområde 38: Barnehage | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Oppdrag | Rapport |
| 38.2 | • Føre tilsyn med at kommunen utfører de oppgaver den som barnehagemyndighet er pålagt etter baranehageloven (jf. barnehageloven § 10)<br>• Behandle klagesaker etter barnehageloven med forskrifter<br>• Behandle søknader om varig dispensasjon fra utdanningskravet til styrer og pedagogisk leder<br>• Behandle søknader om dispensasjon fra norm for pedagogisk bemanning | Fylkesmannen har i 2006 behandla 6 saker frå 4 ulike kommunar etter "Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd". I 2005 vart 4 saker behandla etter same forskrift. Av dei 6 sakene var 1 motteken i 2005. I denne saka fekk klagaren ikkje medhald. I dei øvrige sakene fekk klagaren ikkje medhald i 3 av sakene. I dei 2 resterande sakene vart dei kommunale vedtaka oppheva, og kommunen vart pålagd å behandle saka på nytt.<br><br>11 klagesaker frå 2 kommunar sto ubehandla ved årsskiftet 2006/07. I 3 av desse sakene er dei kommunale vedtaka oppheva i 2007. Dei øvrige 8 er p 13.02.07 framleis ubehandla, hovudsakleg på grunn av manglande avklaring av regelverkfortolking frå Kunnskapsdepartementet. |

# 4 Oppgåver på barn- og likestillingsdepartementets område

| 42.1 Ekteskapsloven | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Behandle saker etter lov om ekteskap med tilhørende forskrifter.<br><br>Behandle søknader om separasjon og skilsmisser<br><br>Behandle søknader om tillatelse til å få inngå ekteskap før fylte 18 år<br><br>Behandle saker hvor fylkesmannen får opplyst at et ekteskap kan være i strid med bigamisbestemmelsen<br><br>Behandle søknader om skiftefritak<br><br>Rettlede forstandere i registrerte trossamfunn og livssynssamfunn med vigselsrett om oppgavene tilknyttet denne retten<br><br>Utbetale utgifter til tolk og honorar til eksterne meklere<br><br>Reise sak om ekteskapets gyldighet etter § 16a<br><br>Behandle klager når vigsel er nektet på annet grunnlag enn nevnt i ekteskapsloven § 13 andre ledd, jf. § 14 siste ledd<br><br>Behandle klage på at folkeregisteret har nektet å utstede prøvingsattest, jf. § 10 | Behandlingstid på separasjoner og skilsmisse når begge parter søker og all dokumentasjon ligg har maksimalt vært en måned. Sakene er behandlet fortløpende<br><br>Oversende Regnskap for bruk av midler på kap 841 post 21 ble oversendt BUFdir. 15.02.2007.<br><br>I 2006 ble det gitt 480 skilsmisser og 526 separasjonsløyve. |

| 42.2 Anerkjennelsesloven | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Behandle søknader om anerkjennelse av utenlandske separasjoner og skilsmisser | Fylkesmannen godkjente i 2006 49 utenlandske skilsmisser. |

| 42.3 Barneloven | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Behandle saker etter lov om barn og foreldre med tilhørende rundskriv.<br><br>Stadfeste avtaler om foreldreansvar, hvor barnet skal bo fast og samvær slik at de får tvangskraft, når begge foreldrene ber om det<br><br>Behandle saker om reisekostnader ved samvær<br><br>Behandle klager over avslag på opplysninger om barnet, samt krav om tap av opplysningsretten | Det var ingen saker på dette området i 2006. |

| 42.4 Mekling og meklingsinstituttet | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Behandle klager på at mekler ikke skriver ut meklingsattest<br>Behandle søknader om dekning av reiseutgifter for partene i forbindelse med mekling.<br>Vurdere om det er et tilstrekkelig antall meklingsbevillinger<br>Gi opplæring og avholde faglige samlinger for meklere | Ingen klager mottatt i 2006. |

| 44 Familievern | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Føre tilsyn med virksomheten ved familievernkontorene i fylket<br>Avlegge minst ett tilsynsbesøk per år ved hvert av familievernkontorene<br>Behandle skriftlige og muntlige klager fra brukere av familievernkontorene | Vi har i samsvar med retningslinene ført eit tilsyn ved kvart av dei tre familievernkontora fylket i Kristiansund, Ålesund og Molde.<br><br>Tema for tilsyna var: 1) Tilsynsstyresmakta sine oppgåver 2) Orientering om organisering av kontoret, bemanning, rutiner, tilgjengelighet osv. 3) Meklingsordninga 4) Oppfølgjing frå forrige tilsyn 5) Eventuelle klager<br><br>Fykesmannen fann at det er skilnad mellom kontora i korleis dei prioriterer oppgåvene. Familievernkontora i Ålesund og Molde driv ein god del utadretta verksemd, medan Kristiansund familievernkontor har prioritert mekling etter ekteskapslova / barnelova i tillegg til behandling og rådgjeving. Kontoret har planar om å få til noko mer utadrettet verksemd i tillegg til dei andre oppgåvene i framtida.<br><br>Både familievernkontoret i Molde og i Ålesund har lange ventelister når det gjeld mekling og dei eksterne meklarane tar ein stor del av meklingane. Familievernkontoret i Molde har ifølgje leiar redusert den utadretta verksemda for å få ned ventetida på mekling.<br><br>Etter fylkesmannen si vurdering bør familievernkontoret i Ålesund og Molde framleis arbeide med å få ned ventetida.<br><br>Viser for øvrig til egen rapport vedr. tilsyn med familievernkontora.<br><br>Fylkesmannen har mottatt 1 klage på eit av dei tre familievernkontora i 2006. |

| 45.1 Tilsyn med barneverninstitusjoner og oppfølging av og tilsyn med den kommunale barneverntjenesten | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Føre tilsyn og behandle saker etter lov om barnevernstjenester. Det vises i denne sammenheng blant annet til rundskriv, veiledningsmateriell m. m. som er utarbeidet til hjelp i arbeidet. Det vil i 2006 bli gjennomført et landsomfattende tilsyn med praktiseringen av "vern av den personlige integritet" i barneverninstitusjonene. BLD vil sørge for at det blir utarbeidet en veileder for spesielt for dette tilsynet. BLD vil videreføre revisjonslederopplæringen i 2006. Som ledd i oppfølgingen av kommunene og utarbeidelse av veiledere og rutinehåndbøker, herunder veileder i internkontroll, skal fylkesmennene bistå i opplæring og veiledning av kommunene bla. gjennom regionale konferanser i 2006. Fylkesmannen bør sørge for at de informasjonsmidlene som er tildelt embetene, prioriteres brukt til å informere kommunene om taushetsplikten og informasjonsplikten i barnevernet.<br>Utføre antall pålagte tilsyn med offentlige og private barneverninstitusjoner og private hjem som defineres som institusjoner<br><br>Føre tilsyn med den kommunale barneverntjeneste. Påse at kommunene utfører de oppgaver de er pålagt etter loven, herunder at de utfører tilsyn med fosterhjem, har oppnevnt tilsynsfører og utarbeidet tiltaksplaner eller omsorgsplaner for barn som er plassert i fosterhjem eller institusjon<br>Fylkesmannen skal følge nøye med i utviklingen av den kommunale barneverntjenesten og påse at kommunene rapporterer om tidsbruken i den enkelte barnevernsak og følge opp de kommuner som bryter tidsfristene herunder også de frister som er satt for forberedelse av saker for fylkesnemndene. (Jf. Bvl § 7-3) | I 2006 gjennomførte fylkesmannen forvaltningstilsyn med barneverntenesta i Vestnes og Nesset kommunar med bakgrunn i fristoverskridingar. Av same grunn fekk kommunane Rauma, Stranda, Sula og Sunndal skriftleg reaksjon frå fylkesmannen.<br><br>Gjennom rapporteringa frå kommunane er vi kjent med at saksmengda i barnevernet aukar, medan bemanninga aukar berre i svært liten grad. Mistilhøvet mellom arbeidsmengd og ressursar er synleg i dei fleste kommunane.<br><br>Fylkesmannen gjennomførte i 2006 17 tilsynsbesøk der 8 av dei ikkje var varsla på førehand. I tillegg var det gjennomgført systemrevisjon ved 5 av dei 6 institusjonanen i fylket. Dette tilseier 88% av lovpålagde tilsynsbesøk. Det ble gjennomført landsomfattande tilsyn med "vern om personlig integritet" ved Kollen ungdomsbase og Interaktiv barnevern.<br><br>Vi viser til eigen årsrapport til Barne og likestillingsdepartementet for desse tilsyna. Denne er publisert på: www.fylkesmannen.no/mr. |

| | | |
|---|---|---|
| | Veilede og informere kommuner om lover og forskrifter<br><br>Følge opp og bidra til at kommunale tverretatlige planer for forebyggende tiltak i barnevernet og andre tjenester videreutvikles<br><br>Koordinere og stimulere til lokale tiltak for å styrke oppvekstmiljøet i samarbeid med andre regionale statlige myndigheter<br><br>Behandle klagesaker og øvrige saker som barnevernloven pålegger fylkesmennene | |

# 5 Oppgåver på Justisdepartementets område

| 51.2 Vergemålsloven | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Behandle klager på vedtak. Fylkesmannen skal påse at overformynderiene oppfyller sine plikter etter vergemålsloven og forvaltningsloven. Herunder må det sørges for at overformynderiene gir verger og hjelpeverger den nødvendige opplæring og veiledning.<br>Føre tilsyn med overformynderne.<br><br>Desisere overformynderienes regnskap og hjelpevergeregnskapene. Det er viktig at fylkesmannen iverksetter konkrete tiltak for å ivareta tilsyns- og veiledningsplikten etter loven, og ikke nøyer seg med den kontrollen som foretas gjennom fylkesmannens desisjon av overformynderiets regnskap.<br><br>Holde kurs for overformynderne i fylket. | Det kom inn totalt 45 enkeltsaker herunder rekneskap i 2006. Fylkesmannen behandla 40 saker. Enkelte av rekneskapa som vart desisert i 2006, gjaldt rekneskap frå tidlegare år.<br><br>Ein vesentleg del av tilsynet med overformynderia skjer gjennom desisjon av overformynderirekneskap. Fylkesmannen skaffar seg også kunnskap om handtering av verjemålslova og praktiseringa av denne gjennom klagesaksbehandling, samt ved at offentlege og private personar tar kontakt.<br><br>Fylkesmannen har merka seg eit behov for større juridisk kompetanse hos overformyndarane. Dette skuldast at sakane har blitt meir komplekse. Vidare har fylkesmannen merka seg at det i mange av overformynderia framleis ikkje er heilt tilfredsstillande kjennskap til forvaltningslova og at det ikkje blir fatta enkeltvedtak i alle saker. |

| 52.3 Navneloven | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/ oppdrag | Rapport |
| | Behandle klager over vedtak fattet av folkeregistrene i henhold til lov om personnavn. Fylkesmannen skal behandle klager over folkeregistrene vedtak om å godta eller å nekte å godta meldinger om å ta, endre eller sløyfe personnavn. Saker om førstegangs navnevalg for barn skal prioriteres. Navneendringer for voksne er derimot av de sakene hvor lengre saksbehandlingstid kan tolereres. | I 2006 mottok og ferdigbehandla fylkesmannen 5 klagesaker der folkeregisteret sitt vedtak om å godta eller å nekte ei melding etter namnelova vart påklaga. I tillegg mottok vi 3 andre henvendingar om namnesaker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 4 veker. Sakene gjald endringar av etternamn/mellomnamn hos born og vaksne, men ikkje førstegongs namneval. |

| 53: Regional samordner innen samfunnssikkerhet og beredskap | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 53.1 | • Samordne statlige myndigheters forventninger til samfunnssikkerhet og beredskap i fylket og tilrettelegge for mest mulig koordinert beredskapsveiledning, tilsyn og øvelser. | Gjennomført to møte i fylkesberedskapsrådet.<br>Gjennomført to møte med KBO.<br>Delteke i møte i LRS-øvingsutval.<br>Delteke i fylkesmannens tilsynsforum.<br>Delteke i lokalt IUA-seminar.<br>Delteke i arbeid med ny transportberedskapsorganisasjon.<br>Pådrivar i arbeidet med fjellskredrisiko, jf. avsnitt 2.9.<br>Leia arbeid med scenario og dreiebok ”Øving Mørejarl”. |
| 53.2 | • Gjennomføre systematisk analyse av risiko og sårbarhet i fylket knyttet til særskilte risikoområder, aktuelle risikovirksomheter og samfunnskritiske funksjoner, og følge opp dette arbeidet gjennom forebyggende samfunnssikkerhet, sivilt-militært samarbeid, øvelser og krise- og beredskapsplanlegging. | Gjennomført FylkesROS-sjø, jf. avsnitt 2.9.<br>Arbeidd vidare med FylkesROS-fjellskred.<br>Pådrivar i arbeidet med fjellskredrisiko, jf. avsnitt 2.9. |
| 53.3 | • Ivareta en koordinerende rolle i forbindelse med regional- og kommunal beredskapsplanlegging. Risiko- og sårbarhetsanalyser skal benyttes. | Pådrivar i arbeidet med fjellskredrisiko, jf. avsnitt 2.9.<br>Gjennomførte ekstraordinært møte i fylkesberedskapsrådet om fugleinfluensa. Samarbeidde med Mattilsynet om øvingar som førebuing til ev. fugleinfluensaepidemi.<br>Tre deltakarar i nasjonal arbeidsgruppe for utgreiing av beslutningsstøtteverktøy for fylkesmennene. |
| 53.4 | • Følge opp kommunale og regionale beredskapsforberedelser til håndtering av flom og skred i og ved vassdrag, dambrudd og ekstraordinære kraftsituasjoner. | Pådrivar i arbeidet med fjellskredrisiko, jf. avsnitt 2.9.<br>Samarbeid med KBO om rasjoneringsplanlegging.<br>Øving i fylkesberedskapsrådet med kraftmangelscenario. |
| 53.5 | • Bistå helsemyndighetene med oppfølging av lov om helsemessig og sosial beredskap og smittevernloven, samt krav til helse- og sosialtjenesten, herunder oppfølging av manglende planer for helsemessig og sosial beredskap i kommuner, helseforetak og regionale helseforetak. | Ingen særskilte tiltak gjennomført i 2006. |
| 53.6 | • Bidra til å styrke smittevernberedskapen gjennom egen planlegging og bistand til kommunene i samarbeid med nasjonale fagmyndigheter. | Ingen særskilte tiltak gjennomført i 2006. |
| 53.7 | • Utarbeide rapporter etter fylkesvise hendelser av regional betydning. På forespørsel skal | Ingen slike hendingar i 2006. |

| | | |
|---|---|---|
| | Fylkesmannen bistå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap i arbeidet med å utarbeide evalueringsrapporter etter større hendelser. | |
| 53.8 | • Være representert i beredskapsutvalgene ved de større lufthavnene. | Delteke i møte ved lufthamnene i Molde og Ålesund. |
| 53.9 | • Bistå fylkeskommunen i arbeidet med en best mulig koordinert sivil transportberedskap. | Delteke i arbeidet med ROS-analyse og rapport. |
| 53.10 | • Bidra til å tilrettelegge for hensiktsmessig samarbeid om beredskapsforberedelser og krisehåndtering, herunder hvordan frivillige beredskapsorganisasjoner kan trekkes best mulig med i regionalt og lokalt beredskapsarbeid. | Røde Kors inkludert i fylkesberedskapsrådet.<br>Delteke i beredskapsseminar for Møre og Romsdal Røde Kors.<br>Delteke i medlemsmøte for Kvinners frivillige beredskap. |

| **54: Rettleiar og pådrivar overfor kommunane** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 54.1 | • Gi de kommunerettede aktivitetene høy prioritet, og prioritere aktivitetene ut fra forventet nivå på kommunenes samfunnssikkerhet og beredskapsarbeid. Fylkesmannen skal i større grad differensiere mellom kommunene ut fra kommunestørrelse, en vurdering av utsatthet/grad av risiko i den enkelte kommune/region og/eller ut fra en vurdering av kommunenes behov for bistand. Fylkesmannen skal i løpet av en fireårsperionde gjennomføre øvelser og tilsyn med alle kommunene. Hyppigheten av tilsyn og øvelser skal vurderes på bakgrunn av differensieringen mellom kommunene. | Risikoen for store fjellskred og flodbølgjer er den klart største naturbaserte risikoen for tap av menneskeliv i Møre og Romsdal, jf. avsnitt 2.9. Utfrå dette har fylkesmannen prioritert oppfølging av kommunane langs Storfjorden på Sunnmøre. Fylkesmannen sitt arbeid har i første rekkje blitt lagt ned i Åknes/Tafjord-prosjektet og i direkte samarbeid/dialog/utgreiing av problemstillingar knytt til arealbruk, plan- og byggesaker. |
| 54.2 | • Føre tilsyn med samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet i kommunene. Tilsynene skal gjennomføres som systemrevisjoner og være målrettede. Tilsynet skal vurdere kommunens systemer og rutiner for å ivareta samfunnssikkerhet og beredskap | Ingen tilsyn vart gjennomførte i 2006. Prioriteringa av arbeid med fjellskredrisiko gjorde det nødvendig å kansellere eitt av dei andre tunge oppdraga, jf. avsnitt 2.9 og oppdrag 54.1. Vi har gjennomført over 30 kommunetilsyn dei tre føregåande åra, og vi er sikre på at eitt års pause ikkje gjev negative konsekvensar. |

| | | |
|---|---|---|
| | i de ordinære plan- og styringssystemene. | |
| 54.3 | • Øve kommunene i strategisk krisehåndtering, blant annet med fokus på informasjon til kommunenes innbyggere. | Gjennomført øving og miniseminar om krisehandtering for kriseleiinga i kommunane Stordal, Ørskog, Haram, Sandøy, Nesset og Gjemnes |
| 54.4 | • Oppfordre og legge til rette for interkommunalt samarbeid innen samfunnssikkerhet og beredskap, for å sikre at kommunene effektivt bruker hverandres kompetanse på samfunnssikkerhet og beredskap ved gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalyser, implementering av kriseinformasjonstiltak med mer. | Kommuneøvingane vert alltid gjennomførte ”to-og-to”. Godt grunnlag for erfaringsutveksling og identifisering av felles problemstillingar.<br><br>Fylkesmannen er deltakar i det interkommunale Åknes/Tafjord-prosjektet.<br><br>FylkesROS-sjø, jf. avsnitt 2.9, identifiserer behov betre samarbeidsrutinar og samøving mellom kommunale brannvesen. Vil bli følgt opp i 2007/08. |
| 54.5 | • Være pådriver og kompetansegiver for kommunenes helhetlige og samordnede krise- og beredskapsplanverk. | Hovudbidrag i fylkesmannens deltaking i Åknes/Tafjord-prosjektet.<br><br>Jamnt arbeid med rettleiing etter førespurnad frå kommunane. |
| 54.6 | • I etterkant av større kriser og ulykker ta initiativ til og bistå berørte kommune(r) i deres evaluering av egen krisehåndtering for å sikre at nødvendige forbedringer gjøres. | Ingen slike hendingar i 2006. |
| 54.7 | • På hensiktsmessig måte videreformidle nasjonale beredskapsmyndigheters risikovurderinger til de aktuelle kommunene. | Varsel om flaum og ekstremver vidareformidla iht. retningslinjer frå NVE og DNMI. |
| 54.8 | • Følge opp iverksettingen av atomberedskapen i kommunene. Oppfølgingen må blant annet sees i sammenheng med oppfølgingen av lov om helsemessig og sosial beredskap. | Ingen særskilte tiltak gjennomført i 2006. |

| **55: Førebyggjande samfunnssikkerheit i arealplanlegginga** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 55.1 | • Ha oversikt over viktige samfunnssikkerhets- og beredskapsmessige utfordringer knyttet til særskilte risikoområder, risikovirksomheter, klimaforhold og kritisk infrastruktur i arbeidet med forebyggende samfunnssikkerhet i fylket. Dette innebærer aktiv informasjonsinnhenting, bruk av geografiske | Fullføring av fylkesROS-sjø.<br>Vidare arbeid med fylkesROS-fjellskred.<br>Pådrivar i arbeidet med fjellskredrisiko, jf. avsnitt 2.9.<br>Vidareutvikling og ajourhald av GisLink<br><br>Deltaking i nasjonal arbeidsgruppe for utgreiing av nytt beslutningsstøtteverktøy for fylkesmennene. Denne løysinga skal innehalde eit føremålstenleg GIS-verktøy. |

| | | |
|---|---|---|
| | informasjonssystemer (GIS) og oppfølging av regionale risiko- og sårbarhetsanalyser. Fylkesmannen skal se til at kommuner og fylkeskommuner følger opp risikoområder for skred, ras og kvikkleire som er avdekket. | |
| 55.2 | • Bidra til at forebyggende samfunnssikkerhet ivaretas i fylkesplanleggingen, i konsekvensutredninger og i kommunenes arealplanlegging etter plan- og bygningsloven for å sikre liv, helse, kritiske samfunnsfunksjoner og miljøverdier mot ekstraordinære hendelser. | Kontinuerleg arbeid.<br><br>Embetets kapasitet og kompetanse er siste året styrka gjennom oppretting av eit team der tre medarbeidarar deler oppfølgingsansvaret for førebyggande samfunnstryggleik i plansaker. Desse har fått føremålstenleg opplæring og interne rutiner er fastsette. |
| 55.3 | • Informere, veilede og påvirke kommunene ved rullering av kommuneplanen, med hensyn til hvordan samfunnssikkerhet og beredskap kan følges opp i arealplanlegging, reguleringsplaner og bebyggelsesplaner. Fylkesmannen skal være spesielt oppmerksom på behovet for sikring av kommunenes drikkevannskilder i arealplanleggingen. | Kontinuerleg arbeid.<br><br>Fylkesmannen har arbeidd for å avklare spørsmål knytt til arealbruk i flodbølgeutsette område. Arrangert to dialogmøte der kommunar og sentrale plan- og byggestyresmakter har delteke. |
| 55.4 | • Gi råd om oppfølging av risiko og sårbarhet kommunene står overfor. | Kontinuerleg arbeid.<br><br>Igjen: Spesielt fokus på fjellskred og flodbølgjer.<br><br>Fylkesmannen leia oppstartmøte for ny overordna ROS-analyse for Haram kommune. |
| 55.5 | • Bidra til at kommunene samordner og utnytter kompetansen og informasjonen som foreligger om kommunens risiko- og sårbarhetsforhold i brann- og redningstjenesten og i kommuneplanmiljøet. | Kontinuerleg arbeid. Ingen særskilte tiltak gjennomført i 2006. |
| 55.6 | • Bidra til at brannvesenet har en sentral plass i lokal og regional kriseledelse og -planlegging | Ingen særskilte tiltak gjennomført i 2006. |

| **56: Ivaretaking av forpliktingar vedrørande samordning ved ekstraordinære kriser i fred, sikkerheitspolitiske kriser og krig** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 56.1 | • Ansvar for å bedre regionale myndigheters evne til å samhandle og håndtere ekstraordinære påkjenninger og kriser. Fylkesmannen arbeider for å styrke samfunnets | Tett samarbeid med Mattilsynet om beredskap mot fugleinfluensa.<br>Regionale utfordringar identifisert og analysert i fylkesROS-sjø. |

| | | |
|---|---|---|
| | beredskap mot krisesituasjoner i fred, mot terror og sabotasje og sikkerhetspolitiske kriser og krig. | |
| 56.2 | • Gjennomføre årlig øvelse for embetets ledergruppe og krisestaben for å teste hvordan planverket og kriseorganisasjonen fungerer, og for å sikre bevissthet og kunnskap om fylkesmannens rolle og funksjon. | Embetets kriseleiing vart øvd under øving for fylkesberedskapsrådet.<br><br>Viktige moment gjennomgått i møte i fylkesmannens forum for klage- tilsyns- og beredskapssaker. |
| 56.3 | • Ha et oppdatert kriseplanverk for ivaretakelse av samordningsfunksjonen i fred, sikkerhetspolitiske kriser og krig. Planverket skal dekke Fylkesmannens totale ansvar for krisehåndtering, være samordna med øvrig beredskapsarbeid i fylket og tilpasset utfordringene i det enkelte fylke. | Gjeldande kriseplan ajourført.<br><br>Arbeid med ny plan gjennom heile året, framleis ikkje ferdig. Ny plan er tilpassa framtidig overgang til elektronisk beslutningsstøtteverktøy. |
| 56.4 | • Under krisesituasjoner ivareta en koordinerende rolle i forbindelse med informasjonshåndtering, inklusive varselmottaker og formidler. | Ingen slike hendingar i 2006. |
| 56.5 | • Ha oppdatert plan for det regionale atomberedskapsutvalget (ABU). | Ikkje gjennomført i 2006. |
| 56.6 | • Vedlikeholde og videreutvikle eksisterende kompetanse og nettverk på beredskapsområdet. | Gjennomført to møte i fylkesberedskapsrådet.<br>Gjennomført to møte med KBO.<br>Delteke i møte i LRS-øvingsutval.<br>Delteke i fylkesmannens tilsynsforum.<br>Delteke i lokalt IUA-seminar.<br>Delteke i arbeid med ny transportberedskapsorganisasjon.<br>Delteke i beredskapsseminar for M&R Røde Kors.<br>Delteke i medlemsmøte for Kvinners frivillige beredskap. |
| 56.7 | • Følge opp forskrift for bygg- og anleggsberedskapen blant annet gjennom vedlikehold av ressursdatabasen og utskriving av både anleggsmaskiner og bygg og anleggstjenester. Fylkesmannen skal i tillegg påse at egne fastlagte tidsfrister følges, og rapportere om status for utskrivingsarbeidet i henhold til forskrift for fagfeltet. | Ikkje gjennomført. Forsvaret har ikkje meldt behov for bygg- og anleggsressursar i Møre og Romsdal på fleire år. |
| 56.8 | • Gjennomføre minst ett årlig møte i fylkesberedskapsrådet og i atomberedskapsutvalget. | Gjennomført to møte i fylkesberedskapsrådet. Eitt ordinært møte med øving og eitt ekstraordinært møte om fugleinfluensa – berre for utvalde medlemmer. Det vart ikkje gjennomført møte i atomberedskapsutvalet i 2006. |
| 56.9 | • Holde pålagte instrukser og planer for kryptoutstyret og sambandstjenesten oppdatert, og tilrettelegge tjenesten slik at | Gjennomført. |

| | | |
|---|---|---|
| | personellet gis anledning til å praktisere og vedlikeholde kunnskaper, slik at de til enhver tid er i stand til å operere det graderte systemet. Avvik skal straks meldes til Forsvarets logistikkorganisasjon for reperasjoner og utkvittering. | |

| **57: Sivilt-militært samarbeid** | | |
|---|---|---|
| R.krav/ oppdrag | Resultatkrav/oppdrag | Rapport |
| 57.1 | • Bidra til økt samarbeid med Forsvaret for å beskytte sivilbefolkningen og viktige samfunnsinteresser. Fylkesmannen og regionale militære myndigheter oppfordres til samarbeid for å etablere helhetlig og samordnet krisehåndtering på regionalt nivå, herunder planverk og øvelser. | Fylkesmannen i Møre og Romsdal leiar arbeidet med scenario og dreiebok for den sivil/militære ”Øving Mørejarl” 2007. Fylkesmannen skal også leie spelstaben under øvinga i mars 2007. Scenariet er lagt til Sogn og Fjordane og øvingsdeltakarane kjem i hovudsak derifrå. ”Øving Mørejarl” dannar ei god ramme for sivil/militært samarbeid, gjensidig læring og tilpassing av planverk. |
| 57.2 | • Benytte fylkesberedskapsrådet som arena for samordning, oversikt og totalforsvarssamarbeid regionalt. | Distriktssjefen er medlem av fylkesberedskapsrådet. |
